



MØTEINNKALLING

Utval: Komite for næring, kultur og idrett
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 13.06.2016
Tid: 16:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til politisk sekretariat om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 06.06.2016

Stig Arne Helsem Sævik
Leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 45/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 46/16	Protokoll frå førre møte
PS 47/16	Planbehov i Herøy kommune 2016-2020
PS 48/16	Intensjonsavtale for etablering av jektenaust med formidlingsbygg for sunnmørsjekta "Anna Olava"
PS 49/16	Pinoluma Rådgivning AS - søknad om støtte frå kommunalt næringsfond
PS 50/16	Søknad om kulturmidlar - Leikeplasstilskot, Frøystad Grendalag
PS 51/16	Søknad om kulturmidlar - Leikeplasstilskot, Storneset grannelag

PS 45/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 46/16 Protokoll frå førre møte



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2016/673
		Arkiv:	130

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
47/16	Komite for næring, kultur og idrett	13.06.2016
21/16	Eldrerådet	13.06.2016
7/16	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.06.2016
	Formannskapet	14.06.2016
	Komite for Helse og omsorg	15.06.2016
	Maritim og teknisk komite	20.06.2016
	Komite for oppvekst	22.06.2016

PLANBEHOV I HERØY KOMMUNE 2016-2020

Tilråding:

...

Særutskrift:
Utviklingsavdelinga

Vedlegg

- 1 Oversikt over godkjende reguleringsplanar per mai 2016
- 2 Oversikt over godkjende samfunnsplanar per mai 2016

Saksopplysningar:

Plan- og bygningslova § 10-1 seier at kommunestyret skal minst ein gong kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Denne skal omfatte ei drøfting av kommunens strategiske val knytt til samfunnsutvikling, som omfattar langsiktig arealbruk, utfordringar innan miljø og sektoren si verksemd, saman med ei vurdering av kommunens planbehov i gjeldande valperiode.

Innan utgangen av oktober 2016 skal kommunestyret ha godkjent den kommunale planstrategien for perioden 2016 – 2020. Planstrategien skal mellom anna gi ei oversikt over kva kommunale planar som finst, om eksisterande og godkjente planar skal vidareførast eller opphevast og kva planar som bør utarbeidast i planperioden (som er lik kommunestyreperioden). I handsaminga skal kommunestyret også ta stilling til om kommuneplanen eller delar av denne skal reviderast eller om planen skal vidareførast utan endringar. Gjennom planstrategien legg kommunestyret grunnlaget for prioritering av administrative ressursar knytt til planarbeid.

Forslag til milepårsplan for arbeid med kommunal planstrategi:

Mai	Vedtak i formannskapet om oppstart av arbeid med kommunal planstrategi 31.5.16
Juni	Sak til formannskap, komitear og råd for innspel til arbeidet i veke 24 og 25.
September	Vedtak i formannskap om offentleggjering og godkjenning av kommunal planstrategi 6.9.16 Offentleggjering av kommunal planstrategi og høyringsperiode 16.9.16 – 14.10.16
Oktober	Innstillingsvedtak om godkjenning i formannskapet 18.10.16 Eigengodkjenning av kommunal planstrategi i kommunestyret 27.10.16

Som oppfølging av vedtaket i formannskapet 31.5.2016 får no lokale komitear, råd og andre høyringspartar tilsendt brev med informasjon om arbeid med Kommunal planstrategi 2016 – 2020 med oppmoding om å kome med innspel til planbehov i planperioden.

Vedlagt ligg oversikt over dagens planar i kommunen. Utviklingsavdelinga ber om at det vert særleg sett på planar som gjeld dykkar ansvarsområde, men de står fritt til å kommentere alle delar av gjeldande planstrategi.

Gjeldande *Planstrategi for 2012-2016* finn de på Herøy kommune sine heimesider på lenka under eller ved å nytte søkjeordert *lokale planar* i søkjefeltet.
<http://www.heroy.kommune.no/nyhende/lokale-planar-for-heroy-kommune.15286.aspx>

Vurdering og konklusjon:

Utviklingsavdelinga ber om særleg tilbakemelding på fylgjande problemstillingar:

- Skal Herøy kommune revidere *Kommuneplanen* med sikte på å samordne *Økonomiplanen* og *Samfunnsdelen sin handlingsdel*?
- Skal Herøy kommune vurdere å oppheve eldre godkjende reguleringsplanar der utbygging ikkje er starta opp? Evt. kva planar bør opphevast?
- Skal Herøy kommune delta i interkommunale planarbeid? Evt. kva planar bør Herøy kommune spele inn som aktuelle som interkommunale prosjekt?

Fosnavåg, 02.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

Godkjende reguleringsplanar per mai 2016

Planid	Plannavn	Plantype	Ikraft.
196801	Nykreim	Eldre reguleringsplan	07.02.1968
196901	Kvalsund Nerlandsøy	Eldre reguleringsplan	06.03.1969
197301	Bergsøy/Bendal	Eldre reguleringsplan	19.10.1973
197601	Trolldalen/Storeneset	Eldre reguleringsplan	24.08.1976
197602	Frøystad	Eldre reguleringsplan	30.09.1976
197701	Kvalsvikeidet	Eldre reguleringsplan	09.06.1977
197801	Dragsund	Eldre reguleringsplan	07.02.1978

Planid	Plannavn	Plantype	Ikraft.
197901	Feirelia	Eldre reguleringsplan	17.12.1979
198101	Fosnavåg/Kleiva	Eldre reguleringsplan	06.07.1981
198201	Bø/Arhaug	Eldre reguleringsplan	10.04.1981
198202	Remøy	Eldre reguleringsplan	22.12.1982
198601	Eggesbønes/Grønhaugen	Eldre reguleringsplan	21.03.1986
198602	Eggesbønes/ alder og Sjukeheimsområde	Eldre reguleringsplan	21.11.1986
198701	Fosnavåg sentrum	Eldre reguleringsplan	27.03.1987
198702	Røyra	Eldre reguleringsplan	22.05.1987
198902	Fiskerihamn Leinevika	Eldre reguleringsplan	14.12.1989
198903	Jensholmen	Eldre reguleringsplan	02.05.2016
199101	Buholmlina	Eldre reguleringsplan	13.09.1991
199102	Veg Tarberg-Moltumyr	Eldre reguleringsplan	29.11.1991
199202	Langeneset Gnr. 9 Bnr. 85	Eldre reguleringsplan	18.12.1992

Planid	Plannavn	Plantype	Ikraft.
199301	Leine 1	Eldre reguleringsplan	29.01.1993
199302	Gang-sykkelveg Tuftene - Tjørnvåg	Eldre reguleringsplan	26.11.1993
199303	Lisjebøvegen	Eldre reguleringsplan	26.11.1993
199304	Fylkesveg 10 Moltu	Kommunedelplan	17.12.1993
199401	Vike/Toftedal	Eldre reguleringsplan	27.05.1994
199701	Veg Sande grense - Tarberg	Eldre reguleringsplan	10.04.1997
199702	Myrvåg Sjukeheim	Eldre reguleringsplan	06.05.1997
199703	Grisholmen	Eldre reguleringsplan	06.06.1997
199704	Runde Bustadfelt	Eldre reguleringsplan	21.11.1997
199901	Hjelmeseth	Eldre reguleringsplan	03.09.1999
199902	Mjølstadneset	Eldre reguleringsplan	12.02.1999
200002	Kvithaugsmyra	Eldre reguleringsplan	25.04.2000

Planid	Plannavn	Plantype	Ikraft.
200003	Fosnavåg sentrum - Holmsildkvartalet, Trebrygge 15m	Bebyggelsesplan ihht.Reguleringsplan	05.12.2000
200101	Veg Mjølstadneset	Eldre reguleringsplan	09.03.2001
200102	Myklebuståsen	Eldre reguleringsplan	28.05.2001
200103	Bergshaugen	Eldre reguleringsplan	12.10.2001
200104	Fosnavåg sentrum tomt F9	Eldre reguleringsplan	23.11.2001
200201	Herøy Kyrkje	Eldre reguleringsplan	07.03.2002
200202	Eggesbønes aust, industriområde	Eldre reguleringsplan	03.07.2002
200203	Skuleområdet på Remøy	Eldre reguleringsplan	19.12.2002
200204	Fosnavåg sentrum, Feie/Hansen-kvartalet	Eldre reguleringsplan	24.10.2002
200401	Idrettsområdet Bergsøy	Eldre reguleringsplan	16.09.2004
200501	Parkeringsplass ved Herøy kulturhus	Eldre reguleringsplan	10.02.2005
200601	Remøy gravplass	Eldre reguleringsplan	24.05.2006
200602	Fosnavåg Sentrum/Vestre del av hamneområde	Eldre reguleringsplan	02.11.2006

Planid	Plannavn	Plantype	Ikraft.
200603	Runde Miljøsender	Eldre reguleringsplan	14.12.2006
200604	Røyra 2	Eldre reguleringsplan	14.12.2006
200701	Myklebustvatnet Vest	Eldre reguleringsplan	25.01.2007
200702	Vålneset Hyttefelt	Eldre reguleringsplan	28.06.2007
200703	Småbåthamn på gnr. 31 bnr. 1 mfl	Eldre reguleringsplan	22.11.2007
200801	Kvalsund Teige	Detaljregulering	11.12.2008
200802	Reguleringsendring Leinøy skule	Detaljregulering	27.03.2008
200901	Skotholmen	Eldre reguleringsplan	05.03.2009
200902	Torvik Resort	Detaljregulering	11.06.2009
200903	Huldal	Detaljregulering	11.06.2009
200904	Fosnavåg sentrum - aust	Detaljregulering	22.10.2009
200905	Joakim-Marka	Detaljregulering	10.12.2009
200906	Leine 1 Skuletomt	Detaljregulering	10.12.2009

Planid	Plannavn	Plantype	Ikraft.
201001	Hestholmen hyttegrend	Eldre reguleringsplan	28.01.2010

201002	Vågsholmen	Detaljregulering	25.02.2010
201003	FV18-parsell Lene - Remøyholm	Detaljregulering	25.02.2010
201101	Sentrumsteigen gnr. 34 bnr. 99 og 374 mfl.	Detaljregulering	25.08.2011
201102	Gang og sykkelveg Torsethøgda - Kalveneset	Detaljregulering	15.12.2011
201103	Budaneset	Detaljregulering	19.05.2011
201201	Hotell og konsertsal i Fosnavåg sentrum	Detaljregulering	26.01.2012
201202	Aspevika hytteområde	Detaljregulering	26.01.2012
201203	Rådhuskvartalet	Detaljregulering	22.06.2011
201204	Bustadfelt på gnr. 37 bnr. 12 og 17 mfl.	Detaljregulering	22.03.2012
201205	Espeset gnr. 22 bnr. 2	Detaljregulering	23.02.2012
201206	Gang og sykkelveg Hjelmeseth	Detaljregulering	26.04.2012
201207	Gnr. 45 bnr. 9 i Dragsund	Detaljregulering	31.05.2012

Planid	Plannavn	Plantype	Ikraft.
201208	Eggesbøjordra gnr. 38 bnr. 2 mfl.	Detaljregulering	26.04.2012
201209	Myklebust vest	Detaljregulering	23.02.2012
201210	Campus Fosnavåg gnr. 29 og 37	Detaljregulering	26.04.2012
201246	Ny innfartsveg til Fosnavåg	Områderegulering	25.04.2013
201247	Indre Bergsøy	Områderegulering	27.11.2014
201250	Kommuneplan for Herøy - arealdel	Kommuneplanens arealdel	30.10.2014
201251	Hjelmeseth 2	Detaljregulering	13.12.2012
201253	Feriesenter Røyra	Detaljregulering	25.10.2012
201255	Tovågen Bustadfelt	Detaljregulering	27.09.2012
201256	Hjelmeseth 4	Detaljregulering	23.02.2012
201257	Planfri kryssing Frøystadskaret	Detaljregulering	22.11.2012
201258	Indre Leine Bustadfelt	Detaljregulering	25.04.2013
201262	Reguleringsendring Vågsholmen	Detaljregulering	29.08.2013

Planid	Plannavn	Plantype	Ikraft.
201263	Fosnavåg Hamn	Områderegulering	26.03.2015
201266	Nærøykrysset	Detaljregulering	25.04.2013

201268	Gang og sykkelveg Sandvika-Stokksundkrysset	Detaljregulering	27.08.2015
201275	Detaljreguleringsplan - bustadområde på Nerøy	Detaljregulering	27.11.2014
201277	Myklebuståsen 2	Detaljregulering	23.02.2012
201279	Gnr. 37 bnr. 384 mfl.- Herøysenteret	Detaljregulering	25.10.2012
201280	Koparstad gnr. 3 bnr. 4 og 11 mfl.	Detaljregulering	30.08.2012
201283	Frøystad Bustadfelt 2	Detaljregulering	26.04.2012
201284	Huldal aust	Detaljregulering	26.03.2015
201286	FV654 Indre Herøy-Stoksund	Detaljregulering	28.05.2015
201289	Reguleringsendring for Sjøside Eigedom	Detaljregulering	28.11.2013
201301	Detaljreguleringsplan for gnr. 42, bnr.1 (Lanternen marina)	Detaljregulering	27.08.2015
201304	Detaljregulering Eggesbøjorda, F/K/O	Detaljregulering	26.03.2015
201308	Detaljreguleringsplan gang og sykkelveg Moltustranda	Detaljregulering	30.04.2015

Planid	Plannavn	Plantype	Ikraft.
201309	Detaljreguleringsplan gang- og sykkelveg Sandvika -	Detaljregulering	27.08.2015
201311	Reguleringsendring Tovågen bustadfelt	Detaljregulering	11.02.2014
201312	Myrabakken bustadfelt	Detaljregulering	26.03.2015
201401	Trolldalen gnr. 55 bnr. 19 mfl.	Detaljregulering	28.05.2015
201405	Hjelmeseth 3	Detaljregulering	30.10.2014
201409	Reguleringsendring Myklebust vest 2	Detaljregulering	28.05.2015
201503	Detaljregulering for deler av sjukeheimsområdet på Eggesbønes	Detaljregulering	25.06.2015

Planar i Herøy kommune mai 2016

Overordna planar for Herøy:	Vedtak
Planstrategi for Herøy kommune 2012-2016	K-sak 201/12, 13.12.2012
Kommuneplan for Herøy, samfunnsdel	K-sak 132/13, 24.10.2013
Kommuneplan for Herøy, handlingsprogram	K-sak 132/13, 24.10.2013
Kommuneplan for Herøy, arealdel	K-sak 137/14, 30.10.2014

Kommunedelplanar for Herøy:	Vedtak
Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2011-2014	K-sak 182/10, 16.12.2010
Kommunedelplan for Herøy – Avlaupsplan 2016-2022	<i>Under revidering</i>
Kommunedelplan for trafikktrygging 2015-2018	K-sak 169/14, 17.12.2014
Klimaplan for Herøy 2009-2013	K-sak 4/10, 28.1.2010
Kommunedelplan for fiskerihammer	
Kommunedelplan for Herøy - Bustadpolitikk 2015-2019	K-sak 44/16, 17.3.2016
Kommunedelplan for Moltu fv.10 (arealplan)	K-sak 144/93, 17.12.1993
Kommunedelplan for helse og omsorg 2013-2020	K-sak 21/14, 27.2.2014
Hovudplan vassforsyning 1991	Ukjent
Kommunedelplan for Herøy – Strategisk næringsplan 2016 - 2020	<i>Under revidering</i>

Tema/ sektorplanar for Herøy:	Vedtak
Frivilligplan for Herøy 2012-2015.	K-sak 65/12, 26.4.2012
Alkoholpolitisk plan 2016-2020.	<i>Under revidering</i>
Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2008-2012.	K-sak 65/08, 29.5.2008
Pandemiplan med delplanar for: <ul style="list-style-type: none"> - Helse - Pleie- og omsorg - Bu- og habilitering 	Sist rev, 04.08.2009
Plan for førebyggjande tiltak for barn og unge 2009-2012.	K-sak 57/09, 14.5.2009
Plan for kriseleiing Beredskapsplan for Herøy kommune	K-sak 63/98, Ajournført mars 09, Ber-sak 3/99
Forvaltningsplan for seks statlege/ kommunale friluftsområde i Herøy kommune 2009.	Ukjent
Strategi for investering, drift og vedlikehald av kommunale bygg	K-sak 162/12, 27.9.2012



Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2016/790
		Arkiv:	C54

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
48/16	Komite for næring, kultur og idrett	13.06.2016
	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

INTENSJONSAVTALE FOR ETABLERING AV JEKTENAUST MED FORMIDLINGSBYGG FOR SUNNMØRSJEKTA "ANNA OLAVA"

Tilråding:

1. Herøy kommunestyre gir si tilslutning til å utvikle Herøy kystmuseum gjennom eit prosjekt for etablering av naust til sunnmørsjekta «Anna Olava», med tilhøyrande formidlingsbygg.
2. Herøy kommune og Stiftinga Sunnmøre Museum inngår ein intensjonsavtale som grunnlag for prosjektet. Ordførar gis mynde til å signere intensjonsavtalen på vegne av kommunen.

Særutskrift:
Stiftinga Sunnmøre Museum v/ direktør Ivar Gunnar Braaten
Eigedomsléiar
Utviklingsléiar
Kulturleiar

Vedlegg:

Referat frå møte med Stiftinga Sunnmøre Museum
Vedtekter for eigarstyret ved Herøy gard (uprenta)
Salspresentasjon (uprenta)

Saksopplysningar:**HISTORIKK:**Sunnmørsjekta:

I regi av Herøy Kystmuseum og Stiftinga Sunnmørsjekta vart det i 1999-2000 bygd ein kopi av ei Sunnmørsjekt. Jekta ber namnet "Anna Olava" og er stasjonert ved Herøy Kystmuseum. Den har vore brukt i formidling og til turar og arrangement. Herøy kommune eig jekta, og ansvar for vedlikehald og drift ligg til eigarstyret for kystmuseet. Grunna motorhavari og skader på skrog, samt manglande ressursar til igangsetting, har jekta ligge på land sidan oktober 2011.

Jektenaust og formidlingsbygg:

Det har i fleire år vore ynskjeleg å byggje eit jektenaust til «Anna Olava». Til dette føreligg det planar både for sjølve bygget, plassering av eit slikt, samt tankar om eit kaianlegg.

SAKSINFORMASJON:Sunnmørsjekta:

Eigarstyret ved Herøy Kystmuseum har sett seg som mål å rehabilitere jekta slik at ein på nytt kan nå formålet om synleggjering i forhold til kultur, oppleving og reiseliv. Rehabiliteringsarbeidet er planlagt gjort ved hjelp av profesjonelle leverandørar på båtmotorar, samt på bygging og rehabilitering av historiske båtar. Kostnadane er planlagt dekt med tilskot og sponsormidlar, og hittil er det motteke kr. 150 000 i RDA-midlar.

Nyleg vart det gjennomført synfaringar for vurdering av båten og motorane, og innan kort tid vil det føreligge kostnadskalkyler over arbeidet som må gjerast for at jekta skal kunne takast i bruk igjen.

Drift og vedlikehald av jekta er også eigarstyret sitt ansvar, og det er stilt krav i vedtektene om at driftsbudsjettet skal vere innanfor eit sjølvfinansierande prinsipp. For å sikre at ein har nok ressursar til dette arbeidet ynskjer eigarstyret å etablere ei veneforeining til jekta. Denne er tenkt å ha det daglege arbeidet med drift og vedlikehald av "Anna Olava", samt bidra i utviklinga av korleis jekta kan nyttast framover.

Jektenaust og formidlingsbygg:

Stiftinga Sunnmøre Museum (SSM) tok i april 2016 kontakt med kommunen ved kulturavdelinga for drøfting av moglegheitene for å etablere eit prosjekt for bygging av eit naust for sunnmørsjekta, samt vurdere nærare korleis eit slikt naust kan plasserast og sjå ut. Eit naust er viktig for å kunne ta vare på og bruke jekta. I tillegg vurderer ein det som vesentleg at eit evt. prosjekt ikkje er avgrensar til eit naust, men også inkluderer eit bygg der ein kan formidle historia til jekta og handelsstaden. Roald Sporstøl sine teikningar er tenkt brukt som utgangspunkt for prosjektet.

SSM ynskjer eit formelt samarbeid med kommunen, nedfelt i ein skriftleg avtale, og føreslår at det vert utarbeidd ein intensjonsavtale mellom partane som grunnlag for dette. Målsetjinga er at prosjektet skal inn i neste års budsjetthandsaming. Føresetnader for prosjektet er bl.a. ei reguleringsendring av tomta der bygget er tenkt plassert.

SSM tek på seg prosjektansvaret for ei evt. etablering, og jektenaustet med formidlingsbygget vil tilfalle Herøy kommune ved kystmuseum som ei utviding og utvikling av museet.

Stiftinga har som målsetjing å skaffe eksterne tilskot- og sponsormidlar frå næringslivet i regionen, samt frå ulike tilskotsordningar. SSM planlegg å nytte Knut Strømsheim Promotion til å bistå med dette arbeidet. Vidare har stiftinga engasjert interiørarkitekt Kaspar Bjørkavåg til utarbeiding av ein salspresentasjon av prosjektet.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vurderer det føreslåtte prosjektet til å vere ei positiv og ynskja utviding og utvikling av Herøy kystmuseum. Jekta har stått på skade i fleire år, og skal ein ha håp om å ta vare på denne i framtida er det heilt nødvendig med eit naust dei månadane båten ikkje er i bruk ila. året. I tillegg vil eit formidlingsbygg gi moglegheiter for endå betre formidling av Herøy si historie spesielt og for regionen generelt, både for dei som bur og besøker området.

Konsekvensar for folkehelse:

Formidling av historia vår for å skape identitet til eige lokalmiljø er viktig for folkehelse og trivsel. Eit slik prosjekt vil bidra til å styrke denne identitetskjensla samt vere eit fint turmål som del av heile Herøy gard.

Konsekvensar for beredskap:

Jektenaustet vil vere eit avgjerande bidrag for ivaretaking av båten.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvensar for inneverande år.

Evt. kostnader for kommunen vil bli framlagt gjennom ordinær budsjettbehandling det aktuelle året.

Fosnavåg, 03.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

Referat frå møte mellom Herøy kommune og Stiftinga Sunnmøre Museum (SSM) om jektenaust ved Herøy Kystmuseum 13.05.2016

Desse møtte: Eileen Gjerde frå Herøy kommune. Håvard Hatløy, Knut Strømsheim, Kaspar Bjørkavåg, Ivar Gunnar Braaten og Jarle Sulebust frå SSM.

Med dette møtet ville ein å avklare om begge partar ønskjer eit naust for sunnmørsjekta «Anna Olava», og korleis eit slikt naust eventuelt kan plasserast og sjå ut.

Til det første var svaret utvilsomt ja. Naustet er viktig for å kunne ta vare på og bruke jekta. Når det gjeld plassering og utforming må ein arbeide vidare med det, og då med Roald Sporstøl sine teikningar som utgangspunkt.

I det vidare arbeidet med naustet vil dei som var med på møtet fungere som ei prosjektgruppe.

Kultursjef Eileen Gjerde sa at for eigarstyret ved Kystmuseet var det viktig å få jekta i sjødyktig stad. Dei har sendt søknad til RDA om støtte (150 000 kr), og ei har ein søknad inne hos fylket på fartøyvern-midlar (300 000 kr). Med desse midlane vil ein komme langt med istandsetjinga av jekta.

Eit mål er å få naustprosjektet inn i neste års budsjetthandsaming. Då må rådmann og politikarar informerast. Det må gjerast grep i høve reguleringsplanen, og naboar må informerast.

Det må også informerast om at dette også er eit formidlingsprosjekt, der delar av naustet kan brukast som formidlingsrom.

Kaspar Bjørkavåg har laga eit utkast til ein presentasjon av prosjektet som ein Power Point. Han vil og alge ei presentasjonsbrosjyre.

PP-presentasjonen vart vist på møtet. Det kom ei rad innspel til presentasjonen. Dei vart notert og dei tek ein saman med ein språkvask. Den endelege versjonen bør vere klar til møte i kulturutvalet 13.06. Kaspar Bjørkavåg står for presentasjonen av den på møtet.. Det er vesentleg at det ikkje berre vert eit naust, men også eit bygg der ein kan formidle historia til jekta og handelsstaden Herøy gard.

Ivar understreka at SSM ønskjer eit formelt samarbeid med kommunen nedfelt i eit skriftleg notat. Det bør såleis utarbeidast ein intensjonsavtale mellom Herøy kommune og SSM, helst før 15.juni.

Når det gjeld finansieringa ønskjer SSM å engasjere Knut Strømsheim til å samle inn midlar til naustet. Dei innsamla midlane, saman med eit kommunalt tilskot og ressursar frå SSM si side, må setjast opp i eit prosjektbudsjett. Då må også kostnadane ved prosjektet avklarast. Det må understrekast at eit kommunalt tilskot går til naustbygging og ikkje til vedlikehald av jekta.

Strømsheim nemnde Thon-stiftelsen. Det bør undersøkast om det vil vere lurt å søkje om støtte der.

Eileen Gjerde melder attende til gruppa om reaksjonane til kommuneleiinga og kjem med forslag til intensjonsavtale og økonomisk rammeoverslag.

Referat24.05.16

Jarle



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2016/678
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
49/16	Komite for næring, kultur og idrett	13.06.2016

PINOLUMA RÅDGIVNING AS - SØKNAD OM STØTTE FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND

Tilråding:

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på inntil 150.000 kr frå det kommunale næringsfondet til Pinoluma Rådgivning AS til profilering og kompetanseheving.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2017. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale næringsfondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakaren må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av kommunale næringsfond og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

Særutskrift:

- Håvard Notøy
- Utviklingsavdelinga
- Økonomiavdelinga

Støylavegen 3 6094 LEINØY

Vedlegg

1 Søknad om støtte frå kommunalt næringsfond

Saksopplysningar:

Håvard Notøy søker om støtte frå kommunalt næringsfond for å marknadsføre, profilere verksemda Pinoluma Rådgivning AS og gjennomføre personleg kompetansehevande kursing innan div. bransjestandardar.

Grunnlaget for tildeling av midlar frå næringsfondet er retningslinjer frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 03.03.2015

Forhold som må vurderast i tilknytning til nemnde retningslinjer er mellom anna om eit tilskot til bedrifta er utløysande for tiltaket. I retningslinjene heiter det i pkt. 2 i retningslinjene:

«Støtte frå kommunalt næringsfond skal ha ein utløysande effekt. Det betyr at midlane skal bidra til at tiltak som elles ikkje ville ha blitt gjennomført, blir realisert. Det er ikkje tilstrekkeleg at støtte frå næringsfondet bidrar til å oppretthalde eit tilbod.»

Herøy kommune er i sone II i det geografiske virkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte og kan ikkje gje investeringsstøtte til enkeltbedrifter.

Kommunen kan likevel gje støtte til bedriftsretta kompetansehevingstiltak, t.d. profilering/merkevarebygging, kurs, seminar, nettverksbygging, konferanse, bedriftsutvikling, produktutvikling, konsulenthjelp eller liknande.

Det skal dessutan vurderast om tilskot vil kunne oppfattast som urettmessig konkurransevridande i høve til andre verksemder i same eller samanliknbare bransjar.

I ANS-sak 3/08 vart det gjort slikt vedtak i pkt. 3:

”Når det gjeld spørsmål om konkurranseforhold i høve til alt etablerte verksemder så skal dette vurderast i høve til det geografiske området der den nye verksemda er forventa å ha storparten av kundemassen sin og det skal også takast omsyn til om dagens tilbod innan ein aktuell bransje er basert på monopol eller monopolliknande tilstand.”

Støtte skal ikkje utgjere meir enn halvparten av dei kostnadene som er rekna inn i støttegrunnlaget. Dette betyr at tilskot ikkje skal overstige kr 150.000,-. For verksemder som får refundert moms, skal støttegrunnlaget reknast av kostnaden utan moms. Kommunen kan vurdere ein høgare finansieringsandel (inntil 75 %) for nyetablerarar.

Vurdering og konklusjon:

Håvard Notøy søker om 179.300 kr i støtte frå kommunalt næringsfond til marknadsføring og profilering av verksemda Pinoluma Rådgivning AS og personleg kompetansehevande kursing innan diverse bransjestandardar.

Rådmannen meiner tilskot frå næringsfondet vil ha ein utløysande effekt på gjennomføringa av planlagd aktivitet jf. retningslinjene punkt 2. Profilering,

marknadsføring og kompetanseheving er i tråd med retningslinene punkt 5 og kan også støttast gjennom kommunalt næringsfond.

Den totale kostnaden i søknaden er estimert til 358.600. Tidlegare praksis i Herøy kommune og brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune datert 1.3.2016 tilseier at det kan gjevast tilskot opp til 50% av den totale kostnaden, inntil 150.000 kr.

Rådmannen viser til regelverket for kommunalt næringsfond og rår til at søknaden vert imøtekomen med inntil 150.000 kr.

Fosnavåg, 03.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

Søknad

Søknadsnr.	2015-0042	Søknadsår	2016	Arkivsak
Støtteordning	Kommunalt næringsfond			
Prosjektnavn	Støtte til kompetanseheving og profilering			

Kort beskrivelse

Pinoluma Rådgivning AS er et nystartet (oktober, 2015) firma, som har som målsetting å jobbe med bedriftsrådgivning.

Et av satsingsområder er tilrettelegging for ISO sertifisering av bedrifter i regionen. Samt drive rådgivningstjenester på generell basis med bakgrunn i analyser av arbeidsprosesser og arbeidsverktøy (IT).

For å kunne tilby tilstrekkelig oppdatert tjenester/råd, så ønsker jeg kompetanseheving på ISO regelverket (9001,14001 og 18001). I tillegg til LEAN Sertifisering og MS Proj

Prosjektbeskrivelse

Prosjektet mitt har som målsetting og sikre konkurransekraft gjennom 3 viktige områder:

Markedsføring (heimeside)

Profilering (visittkort, brevmal, logo)

Kompetanseheving (kurs)

Markedsføring

For å få kommunisert mine tjenester til markedet på en profesjonell og informativ måte, så ønsker jeg å få utviklet en nettstad i samarbeid med en profesjonell utvikler/leverandør.

Profilering

For å videreføre profesjonaliseringen i form av nettstaden, så er det ditto like viktig at også visittkort, brevmaler og logo utforming er tilsvarende ordentlig utført. Dette ønsker jeg også å få hjelp til av en profesjonell utvikler/leverandør.

Kompetanseheving

I min bransje så er det krevende å holde seg oppdatert på teknologisk utvikling og bransjestandarder som er i en konstant utvikling. Jeg har derfor identifisert min egen kjernekompetanse til å omhandle ISO 9001/14001, 18001, LEAN og MS Project. Nettopp fordi jeg har bakenforliggende kjennskap til dette. Men jeg trenger å oppdatere meg i forhold til siste endringer.

Så vidt jeg kjenner til så er det få i regionen som tilbyr en slik type teknologisk uavhengig rådgivnings tjeneste.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Pinoloma Rådgivning AS Org.nr:915930050	Støylavegen 3 6094 LEINØY	97590248
Kontakt- person	Håvard Notøy	Støylavegen 3 6094 LEINØY	97590248
Prosjekt- leder	Håvard Notøy	Støylavegen 3 6094 LEINØY	97590248

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Innovasjon Norge (Avklaringsmidler) - Beløp 2 x 50.000,-

Spesifikasjon

Bakgrunn

Pinoloma Rådgivning AS har så langt hovedsakelig markedsført seg via eksisterende kontakt nettverk. Dette tror jeg ikke er tilstrekkelig og trenger derfor å kunne nå nye kunder via andre kontakt kanaler (heimeside norsk/engelsk språklig). Og profesjonelt profileringsmateriale.

I tillegg så er det nødvendig med en "oppfriskning" innen ulike teknologier og bransjestandarder som vil danne basisen i min egen kompetanseplattform, Microsoft Project 2016, ISO 9001, 14001 og 18001.

Grunnen til at jeg ønsker å tilby denne bedrifts rådgivningstjenesten er at den ikke eksisterer i Fosnavåg pr. i dag. Og vanligvis så må vi reise til Ålesund eller større byer for å finne slike tjenester.

Prosjekt mål

Nettstaden

Finne en utvikler som kan hjelpe meg å finne en profil som viser selskapets verdi og holdning.

Profilering

Må bygge på samme grunnlag som nettstaden.

Kompetanseheving

Innen ISO, LEAN, SharePoint og Project

Forankring

Pinoloma Rådgivning ønsker å gjennomføre prosjektet som tidligere beskrevet i tråd med de gjeldende, og søker herved om støtte til dette. Jeg ønsker at dette prosjektet og tilhørende søknad kan gjennomføres i tråd med gjeldende vedtekter og praksis for tilskott til nyetablerte bedrifter.

Prosjektorganisering

Prosjekt Leder - Håvard Notøy

Samarbeidspartnere

Cann

DNV-GL

Lean Consulting/Akademiet
Glasspaper

Aktiviteter

Aktivitet A:

Utvikling av en profesjonell nettside.

Og ditto profesjonell logo, identitet, visittkort og brevpapir.

Aktivitet B:

Grunnleggende kurs i ISO 9001, 14001 og 18001.

Aktivitet C:

Grunnleggende og Videregående kurs i LEAN.

Aktivitet D:

Microsoft SharePoint og Project Kurs

Målgrupper

Aktivitet A:

Offentligheten og potensielle kunder og andre interessenter/partnere.

Aktivitet B:

Håvard Notøy skal få mer formell kompetanse innen ISO standard og prosedyrer.

Aktivitet C:

Håvard Notøy skal få mer formell kompetanse innen LEAN prinsipper og arbeidsmetoder.

Aktivitet D:

Håvard Notøy skal få mer formell kompetanse innen MS SharePoint og MS Project.

Resultat

For internett side og profilering:

Fremstå mer profesjonell samt enklere å nå ut til potensielle kunder og samarbeidspartnere
(norsktalende og engelsktalende)

For kompetansehevende kurs:

Jeg har pr i dag mye kompetanse innen de samme områdene som har vært samlet opp over flere år.

Men siden jeg skal leve av dette, så føler jeg behovet for å formalisere kompetansen min i større grad.

Effekter

For internett side og profilering:

Mer profesjonell tilstedeværelse. Og muligheter for å tiltrekke seg en større kunde gruppe.

For kompetanse heving:

Fremstå mer profesjonell og utdannet innen mine kjerne områder.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Nettstad: Juni - August
 Profilerings: Juni
 Kurs ISO: August - Desember
 Kurs LEAN: August - Desember
 Kurs SharePoint: September
 Kurs Project: Oktober

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
ISO Kurs	68 500					68 500
LEAN Kurs	82 300					82 300
Microsoft SharePoint og Project Kurs	43 800					43 800
Profil og Internettside	90 000					90 000
Reise/Oppholdskostn. ISO Kurs	33 000					33 000
Reise/Oppholdskostn. LEAN Kurs	28 000					28 000
Reise/Oppholdskostn. Office Kurs	13 000					13 000
Sum kostnad	358 600					358 600

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Egenkapital/Driftsmidler	179 300					179 300
Herøy kommune	179 300					179 300
Sum finansiering	358 600					358 600

Geografi

1515-Herøy

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Kostnads Estimater.xlsx	11 404	09.05.2016



Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2016/361
		Arkiv:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
50/16	Komite for næring, kultur og idrett	13.06.2016

SØKNAD OM KULTURMIDLAR - LEIKEPLASSTILSKOT, FRØYSTAD GRENDELAG

Tilråding:

1. Frøystad Grannelag gis eit tilskot på kr. 15 000 til etablering av gapahuk på grusbana på Frøystad.
2. Tilskotet kan utbetalast når kvitteringar for kjøp ligg føre.
3. Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.380 Leikeplasstilskot.

Særutskrift:

Frøystad Grendelag, Frøystadvågvegen 102, 6095 Bølandet
Økonomileiar
Kulturleiar

Vedlegg:[Søknad](#)[Bruk av bana](#)**Saksopplysningar:**

Frøystad Grendalag søker om kr. 35 000 i tilskot frå kulturmidlane til etablering av gapahuk på grusbana på Frøystad.

Det er lagt ved tilbod på materiell og informasjon om grendelaget sin bruk av bana. Arbeidet skal gjerast på dugnad, og budsjettet viser ein samla kostnad på kr. 35 000.

Vurdering og konklusjon: (skal slettast om saka ikkje har konsekvensar for....)

I retningslinene for tilskot til leikeplass står det at det skal leggest ved orientering / plan for arbeidet, budsjett og finansieringsplan. Midlane skal fordelast mellom 3-4 søkjarar.

I 2016 er det sett av kr. 30 000 i budsjettet for tilskot til leikeplassar. Innan fristen hadde kommunen motteke to søknader til tilskotsordninga.

Med bakgrunn i gjeldande budsjett anbefaler rådmannen at det vert gitt eit tilskot på kr. 15.000 til etablering av gapahuk på grusbana på Frøystad.

Tilskotet kan utbetalast når kvitteringar for kjøp ligg føre.

Konsekvensar for folkehelse:

Sosialt samvær er ein viktig del av folkehelsearbeidet. Frøystad Grendalag legg med dette til rette for fortsatt aktiv bruk av grusbana som samlingsområde for aktivitetar i regi av grendelaget som jonsoksamling, sykkelløp, førjulskos, skøytebane m.m.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:

Ingen ut over allereie vedteke budsjett for 2016.

Fosnavåg, 13.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

**Herøy kommune**

Rådhusgata 5

Postboks 274

6099 Fosnavåg

Telefon: 70 08 13 00

Telefaks: 70 08 13 01

E-post: postmottak@heroy.kommune.no

Hjemmeside: <http://www.heroy.kommune.no>**Kulturformål - søknad om tilskudd**

Opplysninger om søker		
Søker er:		
<input type="checkbox"/> Privatperson		
<input checked="" type="checkbox"/> Virksomhet uten organisasjonsnummer		
<input type="checkbox"/> Virksomhet med organisasjonsnummer		
Forening/organisasjon Frøystad Grendalag		Stiftelsesår
Adresse Frøystadvågevegen 102	Postnr. 6095	Poststed
E-postadresse Are.grimstad@gmail.com		
Telefon 92496916		
Bankkonto 9710 12 43633		
Tilknyttet fylkesorganisasjon		
Tilknyttet landsorganisasjon		
Internettadresse https://www.facebook.com/groups/303163736436680/		

Styrets sammensetning		
Styrets leder Vidar Hungnes		
Adresse	Postnr. 6095	Poststed Bølandet
E-postadresse Vidar.Hungnes@ulstein.com		Telefon
Kasserer Toril Steinsvik		
Adresse	Postnr. 6095	Poststed Bølandet
E-postadresse		Telefon

Undergrupper		
Betegnelse undergruppe	Kontaktperson	Telefonnr.
Betegnelse undergruppe	Kontaktperson	Telefonnr.
Betegnelse undergruppe	Kontaktperson	Telefonnr.

Betegnelsen undergruppe	Kontaktperson	Telefonnr.
-------------------------	---------------	------------

Aktiviteter

Foreningens/gruppens aktiviteter Grusbane felles samling	Brukstid/hyppighet per år 5
Foreningens/gruppens aktiviteter Isbane	Brukstid/hyppighet per år 25
Foreningens/gruppens aktiviteter almen tilgang	Brukstid/hyppighet per år 365
Foreningens/gruppens aktiviteter	Brukstid/hyppighet per år

Aktive medlemmer

Aktive medlemmer Over 20 år	Antall 157
Aktive medlemmer	Antall
Aktive medlemmer	Antall
	Totalt aktive medlemmer 157

Kommentarer

Medlemskontingent

Medlemsgrupper	Antall	Kontingent	Beløp 0
Medlemsgrupper	Antall	Kontingent	Beløp 0
Medlemsgrupper	Antall	Kontingent	Beløp 0
			Sum inntekt medlemskontingent 0

Eiendommer/anlegg

Nåværende eiendommer/anlegg

Vedlikehold

Ev. planer om nyanlegg/rehabilitering

Søknad om tilskudd

Tilskuddsordning Tilskot eingongsinvestering/Prosjekt	Søknadsbeløp 35 000
Tilskuddsordning	Søknadsbeløp
	Sum 35 000

Søknad

Frøystad Grendalag
Ved Are GrimstadHerøy 10.03.2015
Herøy kommune
Kulturavdelinga
Komite for næring, kultur og idrett

Søknad om tilskot via kulturmidlar etter § 2 avsnitt b.

Frøystad grendalag vil med dette søke tilskot frå kulturmidlar, etter § 2: Tilskot til leikeplassar – nye tiltak/investeringar.

Tilskotet er tenk nytta til å føre opp ein gapahuk på grusbana på frøystad. Vi vil søke om å få dekt kostnadane til material, begrensa opp til kr 35.000 (trettifem tusen) Vi har henta inn tre tilbod, og det vi legg til grunn er rimelegaste løysing med tanke på matrialval, og leverandør. Oppføring er tenk utført på dugnad. Kvitering for faktisk medgått material vil leverast inn etter bygging er slutført.

Grendalaget ser eit stort behov for ein slik gapahuk i området, då den vil være samlande i all aktivitet grendalaget held på denne plassen. Særleg ser vi stor nytteverdi i den på vinterstid når grendalaget plar lage til isbane på plassen.

Vedlagt ligg eit skriv om aktiviteten på området til no, samt eit reknskap på matrial til gapahuk.

Mvh
Frøystad Grendalag

Vedlegg 1: grendalagets bruk av grusbana på frøystad
Vedlegg 2: tilbod matrial gapahuk

Vedlegg		
Legg ved siste reviderte godkjente regnskap		Ettersendes <input checked="" type="checkbox"/> per post
Legg ved årsberetning		Ettersendes <input checked="" type="checkbox"/> per post
Legg ved budsjett for inneværende år		Ettersendes <input checked="" type="checkbox"/> per post
Medlemslister med fødselsår		Ettersendes <input checked="" type="checkbox"/> per post
Andre vedlegg:		
Type vedlegg Grusbana på Frøystad	Last opp vedlegg Grusbana på frøystad.docx	Ettersendes <input type="checkbox"/> per post
Type vedlegg Tilbod matrial	Last opp vedlegg Tilbod matrial gapahuk.pdf	Ettersendes <input type="checkbox"/> per post

Vedlegg 1:

Frøystad Grendalag sin bruk av grusbana på Frøystad.

Frøystad Grendalag har siste åra nytta grusbana over gamle Frøystad barneskule aktivt som samlingsområde for aktivitetar i regi av grendalaget. Årleg held vi Jonsoksamling, sykkeløp (tour de Frøystad), førjulskos, Skøytebane, og meire til her.

Sidan 2012 har Frøystad grendalag kvar vinter ved minusgrader, vatna bana og gjort denne om til skøytebane. Sidan starten har vi hatt 77 dagar med slik drift. Dette har vore eit særst populært tiltak, og har vore mykje nytta. I år har vi til dømes registrert fleire dagar med over 200 personar samstundes ute på isen. Skular i heile Herøy legg ekskursjoner hit, og neste år planlegg nokon av foreldra å halde eit uformelt hockey kurs for barna som nyttar bana.

Vi har satt opp nokre rastebenkar og enkle grillar som er mykje nytta. Vi ser no eit sterkt behov for ein gapahuk for å skjerme når været ikkje spelar på lag, og på den måten ytterlegare utvide bruken av dette området.

Grendalaget har ein langsiktig plan om å utvide tilbodet på denne plassen med leikeapparat, ballbinge med meir. Vi vonar dette vil gi eit godt utendørs samlingsrom som vil styrke krinsen. Første del av denne planen er å få på plass denne gapahuken. Dette er no fremste prioritering for grendalaget.



Jonsokbrylaup og sykkeløp



Isbana er mykje brukt



Navn: Vidar Hungnes

Lev.Adr:

Lev.Adr:

Tlf:

Fakt.adr:

Tilbud Gapahuk

26.02.2016

	Dim	pris	sum
120 m	48x98 imp	16,72	2006,40
100 m	48x223 just gran	39,72	3972,00
	NB!! CC 40 !!		
10 m	90x300 Imp Limtre	543,66	5436,60
	NB!!! Maks spenn 4,2m !!!		
5 m	Dobbel 48x98 imp	16,72	83,60
650 m	21x120 Trod	10,64	6916,00
500 stk	Spiker til sjølvbyggerpapp	3,01	1505,00
6 fla	Asfaltlim 0,3L	49,68	298,08
10 rull	Sjølvbyggerpapp 1x7m	561,16	5611,60
3 pak	2,5x65 Galv spiker	140,67	422,01
4 pak	3,4x95 Galv spiker	140,67	562,68
400 m	19x148 D.fals imp	13,76	5504,00
2,00 pak	2,8x90 Galv spiker	140,67	281,34
			281,34
		25 %	<u>70,34</u>
			<u>351,68</u>

Fritt levert på kjørerute!

Tilbudet gjelder materialer og mengder som er spesifisert i tilbudet, med forbehold om feil.

Vennligst kontroller materialer og mengder.

Ta kontakt dersom du har spørsmål angående tilbudet.

Gisle Moe

Koppen Industrier A/S

Furene

N-6100 Volda

Telefon: 700 45 990

Telefax: 700 68 770

post@koppenind.no

Mobil: 91 87 81 68

95 19 84 24

Bankgiro: 383 07 05649

NO 930 170 739 MVA



Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2015/1232
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
51/16	Komite for næring, kultur og idrett	13.06.2016

SØKNAD OM KULTURMIDLAR - LEIKEPLASSTILSKOT, STORNESET GRANNELAG

Tilråding:

1. Storneset grannelag gis eit tilskot på kr. 15 000 til etablering av gapahuk/grillhytte på leikeplass på Storneset.
2. Tilskotet kan utbetalast når kvitteringar for kjøp ligg føre.
3. Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.380 Leikeplasstilskot.

Særutskrift:

Storneset grannelag v/ Malin Elise Dypvik, Storenesvegen 11, 6070 Tjørnvåg
Økonomileiar
Kulturleiar

Vedlegg:

Vedlegg

1 Søknad med teikningar

Søknad

Kart

Saksopplysningar:

Storneset grannelag søker om kr. 41 000 i tilskot frå kulturmidlane til etablering av gapahuk/grillhytte på leikeplass på Storneset.

Det er lagt ved framdriftsplan, budsjett og finansieringsplan.

Arbeidet skal gjerast på dugnad, og budsjettet viser ein samla kostnad på kr. 71 000.

Vurdering og konklusjon:

I retningslinene for tilskot til leikeplass står det at det skal leggst ved orientering / plan for arbeidet, budsjett og finansieringsplan. Midlane skal fordelast mellom 3-4 søkerar.

I 2016 er det sett av kr. 30 000 i budsjettet for tilskot til leikeplassar. Innan fristen hadde kommunen motteke to søknader til tilskotsordninga.

Med bakgrunn i gjeldande budsjett anbefaler rådmannen at det vert gitt eit tilskot på kr. 15.000 til etablering av gapahuk/grillhytte på leikeplass på Storneset.

Tilskotet kan utbetalast når kvitteringar for kjøp ligg føre.

Konsekvensar for folkehelse:

Sosialt samvær er ein viktig del av folkehelsearbeidet. Storneset grannelag legg med dette til rette for ein samlingsplass der ein kan ta med familie og vener både for dei som bur i nærleiken og for bebuarar i bygda elles.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:

Ingen ut over allereie vedteke budsjett for 2016.

Fosnavåg, 13.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

**Herøy kommune**

Rådhusgata 5

Postboks 274

6099 Fosnavåg

Telefon: 70 08 13 00

Telefaks: 70 08 13 01

E-post: postmottak@heroy.kommune.noHjemmeside: <http://www.heroy.kommune.no>

Lekeplass - søknad om tilskudd til opprustning/nyanlegg av lekeplasser

Opplysninger om søker		
Det kan gis tilskudd til: <ul style="list-style-type: none">• Tiltak som styrker oppvekstmiljøet for barn og unge (lek, løkke, akebakke o.l.)• Tiltak som stimulerer til samarbeid og økt medvirkning fra beboerne i planlegging og gjennomføring• Tiltak med åpen profil som skaper tilhørighet, trivsel og fellesskap for flest mulig i lokalmiljøet• Tiltak rettet mot vanskeligstilte grupper		
Det gis ikke tilskudd til: <ul style="list-style-type: none">• Saker som gjelder enkeltpersoner• Ordinær drift (f.eks. utskifting av sand i sandkasser, maling av gjerder og utstyr o.l.)• Tiltak som kan medføre arbeidsgiveransvar eller driftsansvar for kommunen		
Søker er:	Antall medlemmer	
<input checked="" type="checkbox"/> Virksomhet uten organisasjonsnummer	6	
<input type="checkbox"/> Virksomhet med organisasjonsnummer		
Søkerinstans		
Storneset grannelag		
Telefon		
Adresse	Postnr.	Poststed
Storenesvegen 11	6070	Tjørvåg
Navn på kontaktperson	Mobilnr.	
Malin Elise Dypvik	47631603	
E-postadresse		
Stornesetgrannelag@outlook.com		
Navn på kontoinehaver	Kontonummer	
Jan Inge Refsnes	3909 30 23793	

Målsetting og beskrivelse av tiltaket
Tiltakets navn
Gapahuk
Målsetting med tiltaket
Vi ønsker en samlingsplass der vi kan ta med familie og venner og grille, drikke kaffe og kose oss i lag då her ikkje er anna sosialt tilbud i bygda, håper vi at gapahuken skal nyttast av ikkje berre oss i byggefeltet, men også av dei andre i bygda vår og ellers i nærområdet. Vi fikk i fjor opp nokre leikeapperat for borna på leikeplassen (som har vore tom i over 20 år!!) og no tenkjer vi at ein gapahuk/grillhytte vil gjere leikeplassen meir attraktiv og meir brukarvennleg uansett vær. Gapahuken er eit sterkt ønske både fra oss småbarnsfamilier og den eldre garde i Storneset!
Målgruppe
Alle
Beskrivelse av planlagt tiltak/prosess
Vi må grave, støype plattning, mure ein peis til grilling, snekre veggjar og tak for å få det slik som vi ser føre oss. Vi har stor dugnadsånd og har hatt veldig godt oppmøte på tidlegare dugnadar, då alle brenn for at vi endeleg har fått igong leikeplassen igjenn. Så har vi midlane, er nok gapahuken oppe på null komma niks!)

Opplysninger om tiltaket

Lekeplass - søknad om tilskudd til opprustning/nyanlegg av lekeplasser

Hva kan gjerest på dugnad? Alt skal gjerast på dugnad. Vi har tilgong til gravemaskin, traktor med hengar, vi har flinke snekrarar og gode altnulegmannar! Og husmødre som er flinke til å koke kaffe og steike vaffler!	
Egne bidragsmidler? <input type="checkbox"/> Nei <input checked="" type="checkbox"/> Ja	Hvilke? oppspart frå tidlegare arrangemang inntekter
Tilskudd fra andre? <input type="checkbox"/> Nei <input checked="" type="checkbox"/> Ja	Hvilke? Tilskudd frå Sparebanken møre
Antall barn som sogner til lekeplassen:	
0-8 år 7	9-16 år 2
Hvordan ivaretas kravet om universell utforming? Leikeplassen er lett tilgjengeleg for rullestolbrukarar og eldre, då her er fin vei ned, men vi må lage eit skilt som gjer det lettare for andre å finne plassen. Den er godt innegjerda slik vi har full kontroll på dei minste, vi har mjuk og fin mark, som er eit trygt underlag. Gapahuken blir bygd slik alle kan ta nytte av den!	

Budsjett for tiltaket - kostnader	
Materialer, utstyr og arbeid Leca	Beløp 18 000
Materialer, utstyr og arbeid puss	Beløp 8 000
Materialer, utstyr og arbeid tak	Beløp 15 000
Materialer, utstyr og arbeid betong	Beløp 5 000
Materialer, utstyr og arbeid graving og stein	Beløp 25 000
Materialer, utstyr og arbeid	Beløp
	Sum kostnader 71 000

Budsjett for tiltaket - finansiering	
Tilskudds-/søknadsbeløp/egenandel Tilskudd fra sbm	Beløp 20 000
Tilskudds-/søknadsbeløp/egenandel Egenkapital	Beløp 10 000
Tilskudds-/søknadsbeløp/egenandel Søknadsbeløp	Beløp 41 000
	Sum finansiering 71 000

Hvordan ivaretas kravet om universell utforming? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja
--


Fremdriftsplan		
Milepæl - dato 08.03.2016	Aktivitet dugnadar etter værforhold	Ansvarlig Malin Elise Dypvik
Milepæl - dato 23.06.2016	Aktivitet Ferdig oppsatt	Ansvarlig Malin Elise Dypvik

Vedlegg

Lekeplass - søknad om tilskudd til opprustning/nyanlegg av lekeplasser

Det SKAL sendes inn kart over området og/eller plan for tiltaket, gjerne også foto av omsøkte plass.

Type vedlegg	Vedlagt	Ettersendes
kart	img001.jpg	<input type="checkbox"/> per post



56/54

Utmålt frå "Sunnmorstait" er det 30 m frå
 hjørnet på leit si tomte. Legg gapehuten der det er
 flatast, 15 meter 90° på normalen frå grense 56/53-56/
 54
 Resten gir seg sjølv

